

Fra: Nordhordland Karateklubb
ved styreleiar og hovedtrenar

Til: Alver kommune

Dato: 25.05.2021

Tema: Rullering Anleggsstrategi for Alver

Sendt på e-mail til: post@alver.kommune.no

Kopi til: Leier for Alver idrettsråd Olav Steinar Namtvedt på mail olav-na@online.no
og nestleiar for Alver idrettsråd Bjørn Tore Hesjedal på mail bjorn.t.hesjedal@gsk.com
samt Idrettsrådgievar Anders Olav Dale på mail anders.olav.dale@alver.kommune.no

INNSPEL TIL ANLEGGSTRATEGIPLAN FOR ALVER KOMMUNE 2020-2024

Nordhordland karateklubb vil med dette gje innspel ifb med Anleggsstrategien til Alver kommune som skal rullerast og behovet for kampsportanlegg i Knarvik.

Det har dei siste 8- 10 åra vore gitt innspel til tidlegare Lindås kommune og no Alver kommune om behovet for kampsportanlegg i Knarvik. Dette er gjort gjennom Knarvik gruppa (alle idrettslaga), gjennom fleire prosjekt for Knarvik Idrettspark av Lindås kommune, gjennom Idrettsrådet i den gang Lindås og nå Alver kommune. Som et resultat av dette var kampsportlokale første prioritet i den tidligare anleggstrategiplanen til Lindås kommune. Som vi kjem tilbake til seinare i dette innspelet vart dessverre ikkje det lokale som den gang var tiltenkt og planlagt bygd på en måte som Nordhordland Karteklubb kunne nytta. Nordhordland Karteklubb ber derfor om at egne kampsportlokale fortsatt er prioritert på same måte som i tidligare anleggstrategiplan.

Nordhordland Karateklubb har nesten 40 års historie i Nordhordland og Lindås Kommune. Klubben har aktivisert fleire tusen medlemmer gjennom tidene og har sterk internasjonal posisjon i karatesamanheng.

Nordhordland Karateklubb har også gjennom fleire år måtte redusert klubben frå ca. 240 medlemmer til dagens ca. 120 ved å heve aldersgrensa. Grunnen til dette har vore trykket frå årsklasser i handball og andre idrettar, der det har vore vanskelig å få nok kjernetid til å trene og dette har dessverre gått ut over dei yngste frå 6 til 8 år. Totalt

er vi nå ca. 120 færre barn i klubben grunna denne reduksjonen til tilgang på egne lokale i kjernetid. Ved tilgang på et egne lokale ønsker vi å redusere aldersgrensa vår til 6 år igjen slik som tidlegare og vi forventa då å få et minst like mange 6 og 7 åringar tilbake på trening som vi har mista dei siste åra. Ved etablering av et egne kampsportlokale trur vi at vi kan få enda fleire yngre medlemmer i klubben. I dag har vi dessverre ikkje nok kjernetid og riktige lokale/areal for å tilby born i alder 6-8 år, ei god, trygg og sikker karateframtid i Alver kommune. Nordhordland Karateklubb synes det er trist at mangel på tilpassa areal for kampsport, gjer klubbane svært sårbare i å tilby trening for vår sport.

Kampsporten er ei individuell idrett som fenga mange og som fangar opp mange av dei som ikkje ønsker eller passer inn i å trene for eksempel lagidrett.

Klubben har i årevis hatt et svært godt omdømme for at vi nettopp er ein klubb som aktiviserer både, born, ungdom, vaksne til og med heile familiar, og personer med handikap og diverse diagnoser.

Nordhordland Karateklubb har 17 instruktører, fleire med over 30 års erfaring frå det frivillige arbeid som instruktør i klubben. Alle instruktører er også utøvar og deltar i konkurransar og leirer i inn og utland.

Den tidligare anleggstrategiplanen for Lindås kommune viste at det skulle prioriterast eigna kampsport areal for å dekkja dagens og framtidig Knarvik utbyggings behov, for riktig utforma areal for kampsport. Karate og kampsport er og har vore ei stor idrettsgrein i Lindås/ Alver og Nordhordland i nasjonal målestokk. Dette er kjend på landsbasis og nettopp derfor var nye eigna kampsport areal på første prioritering i den tidligare anleggstrategiplan for 2016-2020 i Lindås Kommune.

Den planen gjekk dessverre ikkje som planlagt og det vart bygd eit trimrom i Knarvik Arena som på papiret vart kalla kampsportrom, men som i verkelegheita ikkje tilfredstilte nokre av krava til verken areal, luft, underlag, lagring av utstyr osv. Dette til tross for dei innspel til eit kampsportareal som vart gitt og dei retningslinjer som til dømes er utabeida av kulturdepartementet.

Dette resulterte i at Nordhordland karateklubb som hadde gitt innspel gjennom Knarvik gruppa og Lindås Idrettsråd, ikkje vart høyrte og at klubben fortsatt ikkje har egne kampsportlokale for sine medlemmar.

Nordhordland Karateklubb trener fortsatt på parketten i NH fleirbrukshallen og vi har i fleire år no kjempa for at den feilen som vi meiner vart gjort av Lindås Kommune må rettast opp i når dei bygde Knarvik Arena og det som den gang blant anna skulle bli kampsportlokale etter den kommuneplanen som da var gjeldande.

Vi gav allereie i 2019 melding til interimstyret i Alver Idrettsråd om at kampsport planane og prioriteringa i Knarvik Arena ikkje var gjort i samband med plan for kampsport prioriteringa i anleggstrategien.

Nordhordland Karateklubb har dei siste to åra bede Alver kommune om dialog gjennom Alver Idrettsråd om eit egna kampsportareal som må på plass i Knarvik Idrettspark for at Nordhordland Karateklubb og andre kampsportklubbar skal kunne ha eigna areal og moglegheiter for å driva idretten framover og samla fleire unge medlemmar som kanskje ikkje passar inn andre typiske idrettar. Vi opplever tilbakemeldingane frå kommunen som i beste tilfelle svært passive og vi føler ikkje at vi har blitt høyrte slik vi ynskjer på tross av mange henvendingar og innspel frå Nordhordland Karateklubb og Alver Idrettsråd.

Nordhordland karateklubb ynskjer med dette å gje innspel til den nye rulleringen for Annleggsstrategi for Alver kommune for perioden 2020-2024 og ber om at egna kampsportlokale for Nordhordland Karateklubb vart prioritert på same måte som det var i den tidligare planen til Lindås Kommune.

Det er også eit stort ynskje med ein god dialog med kommunen frå starten av for å kunne gje dei rette innspel til dei behova Nordhordland Karteklubb har for sine medlemmer

Vedlagt ligg også innspel frå Alver Idrettsråd sendt på mail 25.mars 2021.

Med helsing
Nordhordland Karateklubb

Morten Dale
Styreleder

Arild Aase
Hovedtrenar